

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I SJUKEHUSAPOTEKA VEST HF

STAD: Møllendalsbakken 9/Video kode 998290
MØTETIDSPUNKT: 31.05.2018 KL. 15:45-18:30

Styremøte var ope for publikum og presse

.....

DELTAKARAR FRÅ STYRET

Trude Marit Risnes	Styreleiar
Olav Godtfred Klausen	Nestleiar
Eivind Hansen	Medlem
Inger Cathrine Bryne	Medlem
Arve Varden	Medlem
Bente Aae	Medlem
Marit Jacobsen	Medlem
Marianne Saugestad	Medlem
Gunvald Iversen	Medlem
Marianne Heggøe Hansen	Vara medlem

FORFALL FRÅ STYRET

Marit Jacobsen	Medlem
----------------	--------

DELTAKARAR FRÅ FØRETAKET

Jon Bolstad	Adm.Dir
Christer Bakke Frantzen	Fagdirektør sak 017/18 og 020-025/18
Ola Rye	Økonomidirektør
Ørjan Lundgren	Kommunikasjonsleiar
Erik M. Hansen	Adm.Dir helse vest IKT (sak 021/18 og 022/18)
Berit Berntsen	HR og org. direktør (referent)

SAKLISTE

Sak	015/18	Godkjenning av innkalling og dagsorden
Sak	016/18	Godkjenning av protokoll frå styremøte i Sjukehusapoteka Vest HF 22.03.2018
Sak	017/18	Administrerande direktør si orientering
Sak	018/18	Årleg gjennomgang Styrande Dokument
Sak	019/18	Risikovurdering 1. tertial 2018
Sak	020/18	Strategiplan for SAV 2018 – 2023
Sak	021/18	Leiinga sin årlige gjennomgang av IKT tryggleik
Sak	022/18	Informasjonstryggleik i Helse Vest

UNDERLAG

Vedlagt

Vedlagt

Vedlagt

Vedlagt

Vedlagt

Vedlagt

Vedlagt

Vedlagt

Saker til orientering:

Sak 023/18 Eventuelt

Lukka del

Sak 024/18 og 025/18, blir behandla i lukka møte heimla i helseføretakslova §26a (2) nr. 4.

Sak 024/18	Langtidsbudsjet 2019-2023
Sak 025/18	Verksemdsrapport per april 2018 (u. off. jf. Offentleglova §23.1)

Vedlagt

Vedlagt

Saker til orientering:

Sak 011/18 Eventuelt
Skriv og meldingar

Lukka del

Sak 024/18 og 025/18 vart behandla i lukka møte heimla i helseføretakslova §26a (2) nr. 4.

OPE DEL

Sak 015/18 Godkjenning av innkalling og dagsorden**Oppsummering**

Innkalling og dagsorden blei godkjent. Ingen sakar meldt til eventuelt.

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjente innkalling og dagsorden.

**Sak 016/18 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Sjukehusapoteka Vest HF
22.03.2018****Oppsummering**

Styret hadde ingen merknader til protokoll frå styremøte 22.03.2018.

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjenner protokollen frå styremøte 22.03.2018.

Sak 017/18 Administrerande direktør si orientering

- Vedr. FOU-midler fra SIVA – søknad katapultordningen
- Oversikt over aktuelle høyringar
- Saker knytt til produksjonsområdet - SIB

Vedtak (samrøystes)

Styret tek orienteringane til vitande. Oppsummering hendingsanalysar i Produksjon vert presentert for styret ved første høve.

Sak 018/18 Årleg gjennomgang Styrande Dokument**Oppsummering**

Styret har etablert ein praksis med å få seg førelagt styrande dokument ein gong årleg. Tanken er å sikre god kunnskap og oversikt samstundes som det legg til rette for at ein jamleg kan fange opp om det er naudsynt med endringar eller tilpassingar i dei gjeldande styrande dokumenta.

Administrasjonen kan ikkje sjå at det er gjort endringar i lovverket eller styringsbodskapen eller på anna måte som skulle tilseie at det er behov for revisjon av andre av Sjukehusapoteka Vest sine styrande dokument.

Vedtak (samrøystes)

Styret er kjend med og tek til etterretning følgjande dokument:

- Vedtekter for sjukehusapoteka Vest HF
- Rettleiaren «Styrearbeid i helseføretak»
- Retningslinjer for lønn og annen godtgjørelse til ledende ansatte i foretak og selskaper med statlig eierandel
- Styreinstruks for Sjukehusapoteka Vest HF
- Instruks for administrerande direktør i Sjukehusapoteka Vest HF
- SAV Styringsmodell
- Styrande dokument til Fullmaktsmatrise
- Fullmaktsmatrise
- Etiske retningslinjer for føretaksgruppa i Helse Vest, inkludert retningslinjer for Bierverv
- Konsept for intern kontroll i Helse Vest
- Retningslinjer for risikostyring i Helse Vest

Sak 019/18 Risikovurdering 1. tertial 2018

Oppsummering

Arbeidet med risikostyring er forankra i SAV gjennom leiarmøte. Alle leiarar har i oppdrag å sjå risikobilete og aktuelle tiltak i samband med sin eigen handlingsplan og på denne måten få tiltaka knytt til aktuelle risikoområde der det er relevant. Gjennom fyrste tertial i 2018 er det samla risikobilete lite endra.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek risikovurdering per 1. tertial 2018 til etterretning.

Sak 020/18 Strategiplan for SAV 2018 – 2023

Oppsummering

Utkast til strategidokument vart etter styrevedtak 22.3.2018 sendt på høyring med frist 30.4.2018. SAV har som følgje av innspel i denne prosessen gjort nokre justeringar i plandokumentet:

- Korta ned den generelle delen
- Tydeleggjort farmasifaglege element nokre stader

- Språklege justeringar og presiseringar

Tilbakemeldingane gjev i det vesentleg støtte til tiltaksområder og føreslegne strategiar. I den interne prosessen er det også kome fleire innspel som blir med vidare i arbeidet med fagplanane.

Strategien har ei temabasert inndeling. Det er skissert ei overordna målsetjing for kvart av temaa som er relatert til Helse 2035, og kva tiltak SAV kan arbeide med relatert til dette. Samtidig kan ein sjå at samhandling, ny teknologi og nye tekniske løysingar, samt innovasjon og endring er gjennomgåande faktorar i heile strategien.

Vedtak (samrøystes)

Styre vedtek strategiplan for Sjukehusapoteka Vest 2018 – 2023, og SAV oversender denne til Helse Vest som vår utviklingsplan.

Sak 021/18 Leiinga sin årlige gjennomgang av IKT tryggleik

Oppsummering

SAV har implementert regionalt styringssystem for informasjonssikkerheit som ein integrert del av styring og forvaltning av IKT området. Styringssystemet har vore handsama av SAV leiarmøte og leiarmøtet har gjennomført leiinga si årlege gjennomgang av informasjonssikkerhet, sist gong 6. mars 2018. SAV har nytta malverket i styringssystemet i arbeidet. Leiinga sin årlege gjennomgang av informasjonssikkerhet er teken inn i årshjul for IKT området i SAV.

Arbeid med informasjonssikkerhet i SAV heng tett saman med status og tiltak innan tilsvarande arbeid i Helse Vest og Helse Vest IKT. Grunnlaget for leiinga sin årlege gjennomgang vert difor utarbeida i samarbeid med Helse Vest IKT og regionalt sikkerhetsutvalg (SU).

Funn i leiinga sin gjennomgang er dokumenterte og føreslegne tiltak vert tekne inn i IKT handlingsplan og følg opp gjennom halvårleg handsaming av status i SAV si leiargruppe.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek saka til etterretning.

Sak 022/18 Informasjonstryggleik i Helse Vest

Adm.direktør Eirik M Hansen i Helse Vest IKT orienterte i høve saka, og svara på spørsmål frå styret.

Oppsummering

Saken er utarbeidet med utgangspunkt i Helse Vest IKTs tilnærming til arbeidet med IKT-sikkerhet, men det er i saken og gitt innspill til hvordan foretaksgruppen Helse Vest RHF må arbeide med disse viktige tema.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek saka til etterretning.

Sak 023/18 Eventuelt
Skriv og meldingar

Ingen skriv og meldingar.

Ingen sakar til eventuelt.

LUKKA DEL

Møte blei lukka etter Helseføretakslova §26a, 2.ledd nr 4.

Sak 024/18 Langtidsbudsjett 2019-2023**Oppsummering**

Administrasjonen legg med denne saka fram Langtidsbudsjett for SAV for perioden 2019 – 2023. Arbeidet med langtidsbudsjettet har i tillegg til framskriving av drifta, lagt vekt på behov for investeringar og utviklingsprosjekt samt finansiering av disse.

Vedtak (samrøystes):

Styret vedtek langtidsbudsjett 2019 – 2023 for Sjukehusapoteka Vest HF med atterhald om endelig godkjenning av Helse Vest.

Sak 025/18 Verksemdsrapport per april 2018**Oppsummering**

Rapporten vart gjennomgått.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek rapportering frå verksemda per april 2018 til vitande.

Berit Berntsen

Referent

31.5.2018

Trude Marit Risnes	Styreleiar
Olav Godtfred Klausen	Nestleiar
Eivind Hansen	Medlem
Inger Cathrine Bryne	Medlem
Arve Varden	Medlem
Bente Aae	Medlem
Marianne Saugestad	Medlem
Marit Jacobsen	Medlem (sett)
Gunvald Iversen	Medlem